

STRANDA KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møte dato	Saknr
STRANDA HAMNEVESEN KF KOMMUNESTYRET	06.11.2018	041/18

Saksansvarleg: Styreleiar Olav Bratland		
Saksbehandlar: Rita Berstad Maraak	Arkiv: K1 - 151	Arkivsaknr 18/1111

Stranda Hamnevesen KF - Budsjett 2019 og økonomiplan 2019 - 2022

Hamnesjef si tilråding til styret 06.11 2018:

1. Budsjett 2019 og økonomiplan 2019 - 2022 for Stranda hamnevesen KF vert vedteke som vist i budsjettskjema drift.
2. Investeringsbudsjett for 2019 og økonomiplan investeringar 2019 - 2022 for Stranda hamnevesen KF vert vedteke som vist i budsjettskjema investering og økonomiplanskjema investering.
3. Eventuelle nvesteringane vert å finansiere med låneopptak og ubrukte lånemidlar.

06.11.2018 STRANDA HAMNEVESEN KF

FRAMLEGG UNDER MØTET

Omforeint framlegg:

Fastsetjing av styrehonorar i Stranda hamnevesen KF:

Styreleiar: kr 100 000,-

Nestleiar: kr 50 000

Styremedlemmar: kr 30 000

Varamedlemmer: kr 2600,- pr. møte

Godtgjersle for medlemmar i styret som deltek i møter som er relatert til Stranda hamnevesen KF sitt formål, og avklart i styremøte og/ eller med hamnesjef/ styreleiar: kr 1500,- pr. møte

Samrøystes

Møtebehandling

Tilråding samrøystes til kommunestyret

STHA- 041/18 Vedtak:

1. Budsjett 2019 og økonomiplan 2019 - 2022 for Stranda hamnevesen KF vert vedteke som vist i budsjettskjema drift.
2. Investeringsbudsjett for 2019 og økonomiplan investeringar 2019 - 2022 for Stranda hamnevesen KF vert vedteke som vist i budsjettskjema investering og økonomiplanskjema investering.
3. Eventuelle investeringar vert å finansiere med låneopptak, ubrukte lånemidlar og fondsmidlar.
4. Framlegg til styrehonorar i Stranda hamnevesen KF

Styreleiar: kr 100 000,-

Nestleiar: kr 50 000

Styremedlemmar: kr 30 000

Varamedlemmer: kr 2600,- pr. møte

Godtgjersle for medlemmar i styret som deltek i møter som er relatert til Stranda hamnevesen KF sitt formål, og avklart i styremøte og/ eller med hamnesjef/ styreleiar: kr 1500,- pr. møte

SAKSUTGREIING

Bakgrunn for saka

Stranda Hamnevesen KF skal legge fram eit forsvarleg drifts- og investeringsbudsjett for 2019, samt økonomiplan investeringar for 2019 – 2021. Dette vert gjort i medhald av Lov om Kommuner kap.11, § 67 og Forskrift av 24. august 2006 nr. 1033 om særbudsjett, særregnskap og årsberetning for kommunale og fylkeskommunale foretak

Saksopplysningar

Stranda Kommune har gitt Stranda Hamnevesen KF fullmakt til drift og forvaltning av sjøområdet i kommunen i medhald av Lov om hamner og farvatn, jf. Lov 17 april 2009 nr. 19, § 10. KOM 131/09 vedtak samrøystes 17.12 2009. Jfr. Vedtekter § 4, ansvarsområde.

Budsjett 2019 og økonomiplan 2019 – 2022 var første gong drøfta i styret 04.09 2018-sak 031/18, der det kom fram gode innspel og konkrete utfordringar som det no er teke høgde for. Foretaket har tilfredsstillande økonomi til å utføre alt nødvendig vedlikehold og oppgradering av eigne anlegg.

Anløpsavgift 2019 er ein del av hamnekapitalen og vert vurdert og handsama i ei eiga sak.

Prisar og vilkår for 2019 er lagt ved i budsjettsaka. Med atterhald om ein rettferdig og god modell, så har vi lagt inn mogleg innføring av prisdifferensiering med utgangspunkt i Environmental Port Index.(EPI)

At hamner i utgangspunktet kan fastsetje prisar på frie, kommersielle og marknadsmessige vilkår er også lagt til grunn av lovførearbeida, jf. Ot.prp. nr 75 (2007-2008) s. 179. Ein kan fastsetje prisar og vederlag ut i frå det totale kostnads- og inntektsbildet ved dei ulike hamneanlegga i Stranda Kommune, jf. også høgsterettsdomen av 25. juni 2015.

Grunnlag (detaljbudsjett 2019) for økonomiplan og investeringsbudsjett 2019 – 2022 vert lagt fram for styret i Stranda hamnevesen KF 05.11 2018, då for gjennomgang og godkjenning. Grunnlaget er drøftingar i styremøte første gong 24.08 2018 og vurderingar gjort av administrasjon. Endelig vedtak vert gjort i kommunestyret i desember 2018.

Framlegg til budsjett 2019, økonomiplan 2019 – 2022 samt prisar for 2019, vert lagt ut på offentlig ettersyn, i lag med kommunen sitt budsjett og økonomiplan.

Vurdering

Den største utfordringa i budsjettarbeidet er konsekvensane av ein unyansert og uheldig miljødebatt, samt forslag om innføring av konkurransevidande reguleringar. Vår ambisjon er at utsleppa skal ned, fjordane skal vere grønne og ein treng nasjonale reguleringar som bidreg til skjerpa tiltak. Cruise er viktig for framtidig verdiskapning, forutsett tilrettelegging for alternativ teknologi, men eit krav om null utslepp i Geirangerfjorden vil mest trulig bety få eller ingen cruiseskip i Stranda kommune sitt sjøområde frå 01. januar 2026.

Stranda hamnevesen KF har ingen tilskot eller offentlige bevilgningar. Anløpsavgift (eiga sak) skal vere basert på sjølvkostprinsippet. Når det gjeld sikringsgebyret, er dette meint å gje kostnadsdekning. Deflator som er bruk er 2,3 %.

I samband med Sjøfartsdirektoratet sitt forslag til særreguleringar for Geirangerfjorden, så kan dette føre med seg ei styrt konkurransevidning. Utfordringane rundt berekraftig næringsutvikling og arbeidsplassar er altfor lite belyst.

Det er ikkje gjort nokon form for kartlegging på konsekvensar for øvrig næringsliv, dersom redusert cruisetraffikk. Her viser vi til rapport frå MENON som har gjort ei samfunnsøkonomisk analyse som viser at det samla tapet for Stranda kommune er betydelig. Eit eventuelt overføringstap ved ei «styrt» konkurransevidning er ikkje synleggjort i rapporten.

Mindre båtar som er foreslått skal frakte cruiseturistar inn til Hellesylt og Geiranger er ikkje i nærleiken av å kompensere inntekta til verken Stranda hamnevesen eller næringsdrivande, slik den er i dag. Det er heller ikkje gjort noko form for kartlegging over kven som kan ha interesse av å tilby denne forma for transport.

Stranda hamnevesen KF har tilfredsstillande økonomi pr. i dag men dersom ein får reduserte inntekter frå cruise, betyr det for vår del at vi må redusere aktiviteten, redusere driftutgiftene, seie opp tilsette og seie opp avtaler med lokale leverandørar. Når det gjeld finansutgiftene til Stranda hamnevesen KF, så har ein fortsatt ei gjeld på ca. kr 69 000 000,-.

Prognose inntekter 2019:

- 225 anløp cruiseskip til Geiranger, derav 129 anløp til Hellesylt. Det er 10 anløp av cruiseskip **kun** til Hellesylt der 3 skip skal ligge «overnatt». 1 cruiseskip skal ligge «overnatt» i Geiranger.
- Prognose 380 000 cruisepassasjerer i Geiranger og på Hellesylt basert på ca. 85 % belegg.
- Øvrige passasjerar 70 000 (sightseeing, RIB, anna transport)
- 91 anløp Hurtigruta og 20 000 passasjerar.
- 60 anløp til Seawalk og 113 anløp til Hellesylt kai.
- Lasting og lossing av varer og gods.
- Andre fartøy og leige av kaiplass, samt leigeavtaler kjem i tillegg

Prognose utgifter 2019:

- Styret har diskutert budsjett og investeringar i styremøte 04.09 2017, sak 031/17 der det kom konkrete innspel
- Lønnsnivå hamnesjef
- Vedlikehold og oppgradering av egne anlegg i Geiranger, på Hellesylt og på Stranda
- Asfaltering av kommunal veg til Hellesylt kai og oppgradering av gangveg
- Samfunnsbidrag – kva, korleis og formål
- Miljødebatten og utfordringar knytta til denne, til dømes nasjonale krav og reguleringar som kan føre med seg reduserte inntekter
- Arbeid med SUSTRANS og EPI (Environmental Port Index)

Anna:

- Det vart i 2014 bevilga eit tilskot til permanent toalettbygg på kr 100 000,- i Hellesylt og kr 200 000,- i Geiranger. I 2018 vart det sett av kr 900 000,- til permanent toalett i Geiranger. Det bør setjast av investeringsmidlar til permanent toalett både i Geiranger og

på Hellesylt i 2019 med kr 900 000,-.

- Det må setjast av midlar til kontroll av erosjon under Hellesylt kai og overvaking av ålegras i Korsbrekke Naturreservat.
- Fast tilsette i 2019 er 3 personar i 100 % stilling.
- Deltidstilsette er 4 – 6 personar med arbeidsstad Hellesylt Kai.
- Driftsavtale med Geiranger Fjordservice AS i Geiranger vert vidareført
- Leigeavtale på fortøyningsbåt på Hellesylt vert vidareført
- Messedeltaking, kundeoppfølging (B2B), wb og digitalisering.
- Arbeid med problemstillingar i ulike fora spesielt i samband med planarbeid i kommunen, miljødebatten, forslag til reguleringar og politisk krav om nullutslepp. Ein må ha fokus på miljøutfordringar, reguleringar og konkurransevridning.
- Arbeidet med reguleringsplan for land og sjøområde i Geiranger har vist seg å bli meir omfattande enn først skissert, men eit svært viktig arbeid med omsyn til næringsutvikling og miljø. Det vart gjort eit vedtak om ein felles plan, jf. KOM 11.11 2015, sak 105/15. Planen vart godkjend i kommunestyret våren 2018 etter 2. gongs ettersyn og oversendt Fylkesmann. I november 2018 skal planen oversendast til departementet for ei vurdering og vidare handsaming.

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

Lov om Kommuner kap. 11 § 67

Lov 2009-04-17 nr. 19; Lov om havner og farvann .

Forskrift av 24. august 2006 nr. 1033 om særbudsjett, særregnskap og årsberetning for kommunale og fylkeskommunale foretak